



Elina og Aliandro. Aliandro er ein underernært gut på 6 år, han har alkoholisererte foreldre og bur i slummen. Han er med på prosjektet, og er veldig kontaktsøkende. Vekt, utvikling og generell størrelse hos desse borna er ofte langt etter det vi ser på som vanleg heime.

I februar reiste den 20 år gamle vestnesjenta Elina Tomren Toivainen til Brasil for å gjere ein innsats for gateborna i Sao Paulo. Opphaldet har gjeve mange og kraftige inntrykk, og i dette reisebrevet deler ho nokre av sine tankar med oss.

Reisebrev frå Brasil

del 1

To månadar i Brasil; Gateborn, slum, prostitusjon, narkotika, voldtekt, mord, og limposar. Likevel: Eg elsker Brasil!

Kultursjokket

At vi i det heile teke kom oss vel fram til Sao Paulo var for oss eit under, men under mellomlandinga på Heathrow fekk vi ein prøvesmak på det brasilianske folkeslaget. Dei få brasilianarane som skulle ta fly derifrå og heim var vel det ein kan kalle særst så opne og pratvillige. Berre synd at vi ikkje fatta eit ord av kva dei sa på portugisisk.

Då vi gjekk inn for landing i Sao Paulo, verdas nest største by, var det like før venninna mi gjekk opp i fistel av begeistring. «Vi, ekte bønder på byen var faktisk i Sør-Amerika...» Etter 18 timars reise såg vi begge fram til å få sette oss inn i ein bil og køyre dit vi skulle, men passkontrollen var temmeleg omfattande, og når fire personar var sett til å gjere dette på den kjempestore flyplassen tok det heilt klart ein del tid. Så,

fleire timar etter landing, kom vi oss endeleg ut derifrå, etter både passkontroll og bagasje-sjekk.

Bilturen frå Sao Paulo til Mogi Daz Cruzes der vi skulle bu, gjekk i ei heilt overveldande stille. Klimaet, naturen, husa, vegane, det meste tok i grunn pusten av oss. Når Turid Dahl som tok i mot oss, sa noko var det langt mellom svara i baksete i alle fall.

Dei første dagane gjekk no på eit vis, vi var vel mest i sjokktilstand, både over butilhøva og det faktum at vi faktisk var i Sør-Amerika. Tilvenninga til den nye kulturen var overveldande, og maten, butilhøva, vaskemetoden og ikkje minst helsinga var uvante punkt for meg. Bønner og ris, kakkellakkar innandørs, maur likeså, og det at ein ikkje brukte det slag varmvatn når ein vaska koppar her nede var uvant. Likevel, det «verste» var den stadige helsinga til alle døgnets tider. Kyssing på kinnet skjedde når ein treftes, under møtet og sjølvsagt når ein skulle gå kvar til sitt.

Eg har hund heime, men her nede i Brasil har *alle* hund. Når eg sa til dei eg treffe her nede

at eg sakna hunden min, såg dei i grunn berre dumt på meg. Alle har hund, og i tillegg finst det uante mengder laushundar. Hundehaldet her nede, i den «klassen» eg har haldt meg, kan uansett ikkje samanliknast med heime. Hundane berre er der, som vaktbikkjer, innom porten, men utanfor døra. Hund inne er ikkje vanleg.

Språkproblemet som eg nemnde så vidt vart mykje større då eg endeleg kom fram til landet, då det viste seg at dei få som kunne engelsk var unntak. Heilt opp i den «vidaregåande» skulen her er engelsknivået skremmande lavt. Så, det var berre å bite det i seg, og starta portugisisk-studeringa omgåande.

Prosjektet

Mitt arbeid her nede går ut på å vere i slummen kvar dag frå 8 til 12 om morgonen. Då kjem 45 ungar til eit «hus» som vi har leigd i slummen. Førsteintrykket mitt var temmeleg nedslåande og eg fatta ikkje at dei kunne greie å huse så mange ungar på så få kvadratmeter. Alt går viss ein vil, det lærte eg fort. 45 ungar kjem rundt 8 om morgonen, då dei får frukost.

Etter det er det morgonsamling, det nærmaste eg kjem er søndagsskulen heime, og etter det forholdsvis fri leik. Til slutt avsluttar vi med middag til alle saman, før dei reiser på skulen til klokka eitt. Det skal dei ha, Brasil, det er fri skulegang for alle her. Men, alle må kjøpe seg skuleklede og generelt skulemateriell. For oss rike nordmenn kan det virke som latterlege summar det er snakk om, men der, i slummen, utgjer det temmeleg mykje pengar. Har ein ikkje pengar til mat, har ein i alle fall ikkje pengar til skule.

Ungane som kjem på prosjektet er flotte, og forgudar dei rett og slett. Dei er i aldersgruppa 6 – 12 år, og er alle fantastiske på sitt vis. Ingen av dei kjem etter norsk standard frå ein god heim, men så spørst det kva som skal til for å ha ein god heim. Er det talet på klede, leiker, innlagt vatn, elektrisitet og bilar? Likevel er det ganske mange av borna som kjem veldig dårleg ut av det, og ein ser godt på dei kven som har det verst. Då er det flott å sjå for meg, at dei som har det betre, har stor omsorg for dei som har det dårleg. Mobbing

på prosjektet er eit unntak, og dei mest underernærte blir passa på av dei andre.

Kjærleikstrangen er likevel enorm. Det å få ha fysisk kontakt med nokon har eg aldri opplevd at nokon har huga slik etter før. Det første som møtte meg, første dag på jobb, var at to ungar kom springande mot meg og ville opp i fanget. Det er vel ikkje det første som hadde møtt meg i ein norsk skule dette, at ein niaring kom springande for å komme opp i fanget. Kjærleikstrangen er overveldande, og det at ungene slåst om å få hjelpe til å vaske opp er imponerende. Det er noko av det største dei kan få oppleve, å få hjelpe til å smøre frukosten eller vaske opp. Kvi-for? Fordi då skryt nokon av dei, dei får positiv respons og dei føler seg nyttefulle.

Folkeskikk er også noko som må lærast. For i slummen er barndommen deira todelt. På ein måte får dei gjere akkurat som dei vil, men samtidig må dei tidleg lære å ta ansvar for småsøsken. Ofte er det vanleg med barneflokkar på både 6, 8 og 10 søsken. I prosjektet må dei lære å takke for maten, helse på oss om morgonen, tygge med munnen stengt, og elles ting som vi i